

Nordstrand og Søndre Nordstrand Nei til EU

Til medlemmene

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2026

torsdag 7. mai klokka 19.00–21.00

på Lambertseter gard, Langbølgen 2C, storstua i 1. etasje

Saker:

- 1) Godkjenning av innkalling og saklista
- 2) Val av ordstyrar, møteskrivar og underskrivarar av møteboka
- 3) Årsmelding 2025–2026
- 4) Rekneskap 2025
- 5) Innkomne framlegg (frist for å senda inn: 21. april)
- 6) Arbeidsplan 2025–2026
- 7) Budsjett 2026
- 8) Val (leiar, minst fire styremedlemer, to varamedlemer, revisor og valnemnd)
- 9) Underskriving av møteboka

Føre det formelle årsmøtet er det eit politisk innlegg.

Lett servering mellom det politiske innlegget og årsmøtesakene.

Har du spørsmål om årsmøtet? Kontakt Håvard Tangen, tlf. 934 24 325 eller e-post: haav.tangen@gmail.com.

Beste helsing

styret i Nordstrand og Søndre Nordstrand Nei til EU

Årsmelding for Nordstrand og Søndre Nordstrand Nei til EU

Styret: Håvard Tangen (leiar), Trine Dønhaug (nestleiar), Arnfinn Schjalm (kasserar), styremedlemene Morten Steensen og Kerstin Huddberg og varamedlemene Kristin Mulleng Sezer og Kristen Turtum.

Revisor: Bjørn Heiberg

Valnemnd: Ingebjørg Gram og Odd Throndsen

Styremøte i perioden: 9. oktober, 20. november, 19. februar og 12. mars. Nokre planlagde styremøte i sumarhalvåret vart diverre avlyste av ymse grunnar.

Medlemstal: 145 medlemer i 2025 (157 i 2024). Det må arbeidast meir med å halda oppe medlemstalet frametter.

Aktivitet

Årsmøtet vart halde torsdag 3. april 2025 og hadde vanleg grei oppslutning. Politisk rådgjevar Alexander Fossen Lange frå Nei til EU sentralt kåserte om aktuelle EU-saker.

Sumarfesten 12. juni samla ganske mange EU-motstandarar frå både lokallaget og fylkeslaget, Oslo og Akershus. Hovudinnlegget heldt avtroppande stortingsrepresentant for SV, Freddy André Øvstegård. Han gav i 2024 ut boka «Nei til EU» (Forlaget Manifest) med argument mot EU for vår tid og ein ny generasjon. Dessutan spela Claus Fischer kjende og kjære tonar på piano. Styremedlemene sytte for herleg festmat i form av gryterett og salat, og det var kaffi, te og kake etterpå. Styret i lokallaget oppsummerer festen som svært vellukka endå rigging og gjennomføring krev ein god del arbeid og innsats. Me vil gjerne halda fram, men då helst i tettare samarbeid med krefter frå fylkeslaget. Dette var den tredje sumarfesten på rad. Ny fest 11. juni 2026 er alt på trappene. Per Olaf Lundteigen, Thomas Vermes (båe aktuelle med bok om EU-kampen og Lundteigens politiske liv) og Claus Fischer (piano) har takka ja til å koma.

Ope medlemsmøte om våpenkaplaupet og EUs rolle gjekk føre seg 5. november. Roy Pedersen, tidlegare leiar av Nei til EU, innleidde. Det vart eit livleg ordsifte. Lokallagsleiaren og nokre andre lokale medlemmer var til stades.

Julemarknaden vart halden laurdag 6. desember i Bygdelagshuset i Nordahl Bruns gate 22. Det var 30 år sidan den fyrste marknaden vart halden på St. Hanshaugen. Mange av medlemmene våre er aktive på dette feltet, og ei rad medlemmer og sympatisørar kom og handla. Marknaden er viktig sosialt, økonomisk og politisk for nei-rørsla i Oslo. Det politiske programmet handla i år om Palestina og EU og var ved tidlegare NRK-korrespondent Odd Karsten Tveit og professor emeritus Tore Linné Eriksen. Inntektene av marknaden vart på om lag 90 000 kr medrekna salet i etterkant. Gledelig var det i år at det nyskipa Blindern lokallag, med ei rekkje unge folk, var med og sjaua. Nokre trufaste og hardtarbeidande aktivistar slutta etter denne marknaden. Dugnadsgjengen bak marknaden har òg mista det faste lageret sitt på Grønland (Oslo). Det er ordna med mellombels lager, men ein er framleis på jakt etter eit meir permanent lager. Sympatisørar og medlemmer med tilgjenge til ledig lagerplass vert oppmoda om å melda seg.

Det vart halde éin utdelingsaksjon ved Holmlia stasjon på vårparten. Det lukkast diverre ikkje å få til lokale aksjonar i samband med valkampen denne gongen. Fylkeslaget stod for utdelingsaksjonar i Oslo sentrum og i nokre utvalde bydelar (ikkje i området vårt).

Politisk oppsummering

Det er mykje uro i verda for tida, og i den siste tida har noko av denne uroa uventa spreidd seg til delar av den norske eliten i kjølvatnet av Epstein-avsløringane. Ein EU-medlemskap kan

neppe garantera for norsk tryggleik. EU er ikkje noko forsvarssamarbeid slik stoda er no. Det er delte meininger i rørsla vår om korleis norsk suverenitet best kan takast vare på, med eller utan NATO-medlemskap, eit spørsmål organisasjonen vår aldri har teke stilling til. Det som samlar oss, er eit sterkt ynske om å halda på norsk sjølvråderett, tryggja ressursane våre, velferdsstaten vår og ei klår norsk røyst i internasjonale drøftingar og tingingar. På det beste kan sjølvstendet vårt vera ein styrke og ei hjelp for fattige og undertrykte i andre delar av verda. Endå ein mange gonger ikkje lukkast, trengst det nasjonar som kan mekla fred og gå på tvers av kvasse meningsmotsetningar. Striden for råderett over norsk straum og faktisk lauk (sic) er for viktig for folket til at me kan lata Brussel, byråkratiet og toppane i næringslivet der få styra. Det er framleis klårt fleirtal i folket mot norsk EU-medlemskap, men me veit ikkje når ja-sida vil prøva seg på ein ny framstøyt. Difor trengst Nei til EU like mykje som før.

Arbeidsplan 2026–2027

Nordstrand og Søndre Nordstrand Nei til EU vil vera med på sentrale kampanjar og aksjonar og hjelpa økonomisk og praktisk med aktivitetar i Nei til EU. Lokalt vil laget på denne måten gjera sitt til å realisera Nei til EUs mål og arbeidsplan.

Laget ynskjer å invitera til ein ny sumarfest på Lambertseter gard torsdag 11. juni. Me søker samarbeid med ungdomen, fylkeslaga i Oslo og Akershus og andre gode krefter.

Styret tek initiativ til utdelingsaksjonar med aktuelle flygeblad.

I samband med aksjonar prøver ein å verva nye medlemer. Hjelp til å purra på medlemspengane kan òg vera mogleg.

Samarbeidet med julemarknadsnemnda om ein komande julemarknad 5. desember i Bygdelagshuset held fram.

Ein vil stø opp om aktivitetane til Oslo fylkeslag.

Arbeidet med å få sortert arkivet kan takast opp att.

Deltaking på lokale festivalar er aktuelt om det er tid og overskot.